



## Årsberetning for Kvinnherad Handballklubb 21/22

I perioden frå førre årsmøte har det vore 9 styremøter i Kvinnherad Handballklubb. Styremøter har vært avholdt i tråd med gjeldande smittervernsreglar til ei kvar tid.

Styret har i denne perioden vore samansett av 9 medlemmer:

- Daniel Haugland – Betalt styreleiar
- Marte Børve – Nestleiar og sportsleg ansvarleg
- Dagfinn Gjerde – Økonomi
- Ove Langeland - Sponsoransvarleg
- Lillian Gjuvsland - Dommaransvarleg
- Bjørg Eli Djuvsland Aasgard - Sekreteriatansvarleg
- Cecilie Bjørke – Ansvarleg fysisk trening
- Anita Røen – Ressurskontakt
- Janniche Haugland - Utviklingsansvarleg

Betalt rekneskapsførar: Jannike Kleveland fram til 11.04.2022

Saker som har vore til behandling:

### Inntektsbringande tiltak.

Det har vore søkt om midlar til ulike prosjekt, og frå ulike stiftingar. Klubben har motteke støtte frå Sparebank1-Stiftinga knytt til utstyrsfornying, samt støtte frå Kvinnherad Idrettsråd knytt til handballskular. Klubben har også søknad inne hos Amedia primært knytt til trenar –og dommarutvikling. Denne søknaden er ikkje avgitt svar på innan dags dato.

Det er gjort eit godt stykke arbeid knytt til fornying av klubbens sponsoravtalar. Styret har revitalisert klubbens sponsorpakkar –og materiell, og sponsoransvarleg har lagt ned eit viktig og vellukka arbeid. Klubbens aktive sponsoravtalar gjeld i hovudgrad fram til 2024.

Resultatrapport viser positiv drift i 2021. Kalenderåret 2021 var prega av korona, og soleies med både inntekter og kostnadar lågare enn i eit normalår.

### Administrativt:

Styret har videreført sitt arbeid med drift av klubben, herunder organisering, oppsetting av treningsstider, lag og trener -og lagleiarkabalar, drøfting av problemstillingar og løysingar, utarbeiding av instruksar og rutinar, politiattestar, utdanning, GDPR, søknader ifbm. sponsorat og stipend, rekruttering, utstyr, deltaking på kurs m.m. Styret evaluerer at for komande sesongar så bør informasjonsflyt mellom styret og resten av klubben styrkast.

### Anlegg:

Klubben har som for tidlegare år slitt med hallkapasitet og utstyrslogistikk som følgje av å måtte ha treningar i ulike hallar. KHK har vært, og er, aktive pådrivarar i arbeidet for å få auka hallkapasitet på Husnes og me ser fram til å sjå kva Kvinnherad Arena kan gjere for idretten i Kvinnherad.

### Resultat og lag:

Styret er nøgd med resultata for fleire av laga. Sesongen 2021 / 2022 har i stor grad vært prega av korona, herunder med utsettinger av kampar, noko som for enkelte lag har skapa utfordringar. Styret anerkjenner vilja og fleksibiliteten til laga, og er imponert over det dei har fått til.

Laga utviklar seg godt og har gode trenrarar og støtteapparat. Rekrutteringa til yngre lag er tilfredsstillande, men det må fortsett leggast ned jobb for å halde oppe god rekruttering.

Klubbens lag er primært lokalisert i Husneshallen på Husnes, men grunna kapasitetsutfordringar trenar dei yngste laga i Underheim. Klubben har også eit lag på Halsnøy, som er særskjekt.

KHK Damelag så seg nøydt i 2022 til å trekke sitt lag frå serien. Korona og stadig flytting av kampar har gjort sesongen utfordrande for laget.

KHK Foreina har fått sin sesong prega av pandemien, men har gjennomført treningar i Husneshallen, samt to turneringar. Dette er særskjekt, og me vonar det blir fleire kampar og treningar på dei neste sesong.

### Deltaking på cup:

Styret ynskjer at alle lag i aldersbestemte klassar skal ha moglegheit for å delta på cup, og har som mål at dette skal vere til inspirasjon for spelarar og trenrarar. I sesongen 2019 / 2020 blei det ingen deltaking, forutan minicup, grunna pandemien. Dette vart gjeldande for 2020 / 2021 også. For inneverande sesong 2021 / 2022 har det vert holdt minicup i Husneshallen for J7 og J8. I tillegg har yngre lag deltatt på minicup på Stord. Det er også lag som er påmeldte Handballfestivalen på Stord i pinsen, juni 2022. Dette vonar me blir ei flott avslutning på sesongen for dei som skal.

### Arrangement:

KHK arrangert ein vellukka handballdag for 1. klassingar, 25. sept. Dette bidrog til rekruttering av nye førsteklassingar, der det for sesongen har vore eit lag på Halsnøy og eit lag på Husnes. Foreldre stilte villige opp som lagleiarar og trenrarar, noko klubben er enormt takksame for.

Klubben har haldt to minicupar i Husneshallen, ein for J7 og ein for J8. Begge arrangementa var velluka og ei kjekk oppleving for dei som var tilstades.

Klubben har haldt handballskule i haustferie 2021, med deltarar mellom 6-12 år. Det var full påmelding og både ansvarleg og instruktørar gjorde dette til ei kjekk oppleving for borna. Vidare har klubben haldt Rema1000 handballskule i vinterferien 2021, med deltarar mellom 6-10 år. Her deltok om lag 20 born, noko som er veldig tilfredsstilande gitt at dette var ein periode med mykke sjukdom og koronasmitt i kommunen.

#### Trenarutdanning:

Klubben har denne sesongen vidareført tilbodet om utdanning for dei som vil ta trenarutdanning. I tillegg legg klubben til rette for dei som ynskjer dommarutdanning.

Klubben haldt internt trenarkurs i starten av sesongen. Det var god påmelding, og det er vurdert at dette er noko som ein bør fortsette med.

Styret har i løpet av sesongen inngått avtale for bruk av appen Learn Handball, som alle trenarar og lagleiarar kan få tilgang til. Learn Handball inneholder føreslårte øvingar til ulike alderstrinn og vurderast som eit godt hjelpemiddel for å få i stand gode treningar.

#### Dommarutdanning:

Klubben har i løpet av sesongen utdanna 9 barnehandballdommera, og dommarane har vist stor vilje til å delta som dommarar. Dette er både kjekt og viktig for klubben, og det er den primære årsaka til at klubben har kunne halde minicup i Husneshallen. Til hausten er planen at desse skal ta Dommar1 kurs, samt at det skal følgjes på med utdanning av fleire barnehandballdommarar.

#### Heimeside:

Klubben har ei eiga heimeside, [www.kvinnheradhk.no](http://www.kvinnheradhk.no)  
Sida vert sponsa av iDrift, herunder med domene og sikkerheit. Heimesida blir halden oppdatert av klubben.

#### Organisasjon:

Det har vist seg over tid, at mangel på tradisjon for handballspel har vore eit problem for å få rekrytting til styrearbeid og andre nøkkelposisjonar som driv laget framover. Men etter god jobbing over fleire år, ser ein no resultat. Dette er eit arbeid som ikkje er avslutta, klubben treng fortsett tid for å få bygd ein solid organisasjon. Vi ynskjer å fortsetje med fokus på blant anna trenar -og dommarutdanning, samt få på plass klare retningslinjer og god informasjonsflyt.

Klubbens rekneskapsførar sa opp sitt engasjement i april 2022. Styret er takksame for den gode jobben rekneskapsførar har gjort sidan start, og for den hjelp klubben har fått i denne tida.  
Styret jobbar aktivt med å få på plass ny rekneskapsførar.

Klubben har i løpet av sesongen forsøkt å styrke arbeidet knytt til sosiale mediar. Dette har til dels vore vellukka, men er eit utfordrande administrativt arbeid grunna personvernhusens som

skal iverates. Styret vil fortsette dette arbeidet.

#### Ressurskontakt:

I samband med den kommunale satsinga mot barnefattigdom, har Kvinnherad idrettsråd utfordra alle idrettslag til å ha ein ressurskontakt i klubben. Kvinnherad Handballklubb har ein eigen ressurskontakt.

Ressurskontakten er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningsbakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar. Ressurskontakten vil vere kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom. Kommunen vil oppretta eit felles forum for ressurskontaktane.

#### Årsmelding lag:

I år har vi hatt treningsgrupper for J/G6 Halsnøy, J/G6 Undarheim, J7, J8, J9, J10, J11, J12, J13, J14, J15 og KHK damelag. I tillegg har vi hatt treningsgruppe for KHK Foreina.

På alle lag har vi trenrarar og lagleiarar som gjer ein kjempejobb. Arrangement, kiosk og øvrige ting knytt til kampavvikling er dugnadsbasert av foreldra.

#### **KHK FOREINA**

Trenere for KHK Foreina er Margrete Vasslid Kaldestad og Katrine Hvidevold.

Vi er 14 spillere på laget.

Sesongen har vert preget av korona og lite trening. Vi har vert på 2 turneringer der spillere og trenere har hatt det veldig kjekt. Sist turnering vi var på ble det målscoringer på alle spillerne. Det var veldig stas. Håper det blir fler turneringer neste sesong.

#### **JENTER / GUTAR 6 Halsnøy**

Trenarar:

Silje Hoff Horn

Michelle Kvamme

Lagleiar/trenar:

Silvia Tofte

Laget består av ein miks av jenter og gutter. Nokon er svært motiverte, medan andre bare er glade for å vera innendørs i ein hall og saman med andre. På trening møter mellom 8 – 12 ungar og 2 trenarar. Det er ferske trenarar og handballspelarar, så det har vore mykje nytt og ikkje minst god læring for både for born og vaksne. Alle dei tre trenarane har tatt fleire deler med trenerkurs for handball i løpet av sesongen, samt at ein nyttar tips og triks frå appen Lean (?) og nettstader som [www.handball.no](http://www.handball.no). Laget har i denne sesongen ikkje deltatt på cup eller anna turnering, men fleire av utøverane har deltatt på handballskule på Husnes både i haust- og vinterferien.

Laget trener fast kvar onsdag kl. 17-18 i hallen ved Halsnøy skule. Det er ynskjeleg å ha samme stad og tidspunkt for neste sesong også.

#### **JENTER / GUTAR 6 Underheim**

Trenar : Kirsti Hestholm Sund. Jannicke Voster Eide

Lagleder : Siren Sjøvangen

13 spillere.

Frem til jul har det vært fokus på å bli kjent og ha det gøy med ballen.

Etter jul har vi fokusert mer på spill, kasteteknikker og regler.

Det merkes det er en stor gruppe med spillere. Og vi kan se den fysiske forskjellen i spillet i forhold til kjønn allerede.

Det har til tider vært en utfordring med spillerene til å ta beskjeder. Men ser en bedring utover sesongen. Vi kan se de har utviklet seg spillemessig og er tryggere på ballen.

#### **JENTER 7**

J7 er ei gruppe på 12 jenter og ein gut, trenarar er Sveinung Tveit og Marit Opsanger-Tveit og lagleiar er Åse Line Fossberg Ertsland. Laget har fått deltatt på 2 cupar på Stord og har arrangerte eigen cup på Husnes. Laget trives veldig godt saman og har hatt ein positiv framgang dette året sjølv om sesongen har vore ganske prega av korona til tider.

#### **JENTER 8**

Trenarar: Karina H. Koivusalo og Eilin Iversen

Lagleiar: Monika Ekeland

Antall spelarar 10 (frå Husnes, Valen, Halsnøy og Uskedalen)

Jentene kom i gang ved sesongstart hausten 2021 etter initiativ fra Daniel Haugland. Han klarte etter nokon veker å skaffe to trenarar for jentene. Begge trenarane var heilt ferske i faget så det var ein spennande start.

Det var nokon fleire jenter som spela på laget i haust, men det har vært litt frafall ettersom nokon har valgt andre idretter.

Hittil i sesongen har me så vidt eg husker bare måtte avlyse ei trening pga sykdom så er veldig fornøyd med det.

Treningane har gått fint og vært kjekke til tross for at begge trenarane er ferske. Ikkje alltid motivasjonen for håndball er på plass hos spelarane, men det virker som dei har det kjekt og koser seg i lag. Ein fin gjen med jenter som går fint i lag. Me ser absolutt ein framgang hos jentene i forhold til status ved oppstart i haust. Dette er også tilbakemeldinger me har fått frå foreldre som har sett på dei når dei har spela cup.

Me har fått vært med på to turneringar på Stord samt ei runde på Husnes. Å få spele kamp synes jentene er veldig kjekt og ein ser at dette motiverer dei.

## **JENTER 9**

Trenere: Marte Lie Børve og Kjell Kristian Stråbø

Lagleiar: Cecilie Bjørke

Spelera : 11 stk

J9 er ein ivrig og kjekk gjeng som trener håndball tirsdager kl 17-18 i Husneshallen. Dei har delt hall med J10. Det har fungert fint i år, men til neste år skal dei spele kortbane og har behov for større treningsareal. J9 har i år desverre ikkje fått tilbud kamptilbud i nærområdet. Vi deltok på ein turneringsrunde i Bergensområdet før Jul. Det var kjekt og jentene klarte seg godt, men det er lang reisevei for unge jenter. Vi har forsøkt å kompensere for få kamper med å spele treningskamper mot J10, det har vært nyttig, og jentene har hatt god framgang i løp av året. Dei har også hatt besøk av J9 frå Stord og spelt kamp mot dei.

## **JENTER 10**

Trenar: Thomas Ørbeck

Lagleiarar: Anna Kathrine Bjelland Mathisen og Tanja Modøl Juel

Laget har pt 10 spelarar i stallen.

Det har gjennom sesongen vore noko endringar i samansetninga i trenar/lagleiargruppa. Thomas Ørbeck kom inn som ny trenar før jul 2021 og i februar trakk Dag Remme seg som trenar. Med oss har me og no fått Tanja Modøl Juel som lagleiar. Ein har som mål å klare å få inn ein til på trenarsida.

Ein har denne sesongen fått to nye spelarar på laget som har vore gode tilskot. Laget har hatt ei god utvikling og god progresjon gjennom sesongen. Spelarane tek spelet godt og ein opplev at dei trivest med å bli utfordra på treningane.

Ein opplev at det vert noko lang reiseveg for å spele bortekamper, da fleire av dei har vore i Bergensområdet.

Ein har og etablert kontakt med eit lag i Odda som starta opp hausten 2021. Dei er ikkje med i noko serie og har ynskje om å spele treningskamper mot laget vårt for å få kamperfaring. Dette trur me vil komme oss til gode og. Dette vil ein forsøke på få til no gjennom våren og ein ser for seg både borte og heimekamp her.

Ellers har denne sesongen, og da særskilt siste del, vore prega av pandemi og ein har ved par høver måtte avlyse treningar grunna mykje sjukdom i laget.

Likevel er me klare til å fullføre inneverande sesong og gler oss til å ta fatt på den neste sesongen.

## **JENTER 11**

Jenter 11 -2010 består av 9 kjekke og flinke jenter frå Husnes, Sunde og Halsnøy. Dei fleste jentene har vore med i frå oppstart av tilbake i 2017. I vår fekk laget tilskudd av ei jente til, veldig kjekt! Jan Ove Prestnes, med litt hjelp i frå tre foreldre, motivere jentene med lærerike treningar der kvar enkelt spelar blir sett. Dei har fått med seg 6 kamphelger denne sesongen der dei har spelt mot lag hovedsaklig i frå Bergen, men også i frå Fitjar og Eikelandsosen. Dei hevdar seg svært godt og av totalt 11 spelte kampar, har dei vunne 7, spelt uavgjort 2 og tapt 2 kampar. Det er stort oppmøte både på trening og cupar. Veldig gode vibbar i laget!

Det er både plass til og eit ynskje om fleire jenter på laget!

Lagleiar Kjersti Lofthus

## **JENTER 12**

J12 trenar tirsdag kl 18.00-19.00, og onsdag kl 16.30-18.00 i Husnes-hallen.

Dei er 16 jenter, og 6 av dei er nye i år.

Vi har godt oppmøte på trening, og det er god stemning i laget. Vi kører stort sett minibuss til bortekampar, det er sosialt og kjekt.

Vi har vore 6 rundar borte, og 1 heimekamp. Jentene held eit godt nivå, samanlikna med laga vi møter. Dei har stor treningsvilje, og ivrige etter å lære nye ting.

Tirsdagar trenar vi mest teknikk. Onsdagar trenar vi styrke, teknikk og kamptrening.

Denne sesongen har vi hatt eitt lag i «serien». Neste sesong vil vi melde på to lag.

Trenarar er Daniel Haugland og Dagfinn Gjerde

Lagleiar er Anne Grethe W Kaldestad

## **JENTER 13**

Trenar – og lagleiarar:

Eivind Opdal (trenar)

Kjetil Larsen (trenar)

Rønnaug E. Opheim Ørbeck (lagleiar)

Åshild Hvivedvold Moe (lagleiar)

Pr i dag er det 13 stk. spelarar med på laget, fram til Nyttår (2021) var det 12 spelarar. Det har stort sett vore bra deltaking på treningane, som me har tysdagar og torsdagar i Husneshallen. Etter lengre pause grunna covid, var det godt både for spelarar og trenarar å kunna sparka i gang kampane igjen. Eit par kampar er diverre endo utsatt pga covid, håpar å få spelt desse før sesongslutt. På bortekampar har me til tider slitt med nok spelarar, men har klart å stilla lag på alle kampar! Av 9 kampar har me vunne 6, 1 uavgjort og tapt 2. Førstkommande helg er det 3 kampar, håpar på 6 poeng her!

Elles er laget er påmeldt handballfestivalen, dette ser jentene fram til.

Me satsar på trening fram til skulane går på sommarferie.

## **JENTER 14**

Trener: Frode Gaasdal

Lagledere: Line Njøs og Nina Thorkildsen

Til sesongstart høsten 2021 var J14 påmeldt med to lag. Etter lang tid's corona pause fra et av høydepunktene med håndball, var jentene kamp klar, endelig!

Jente 15 sto i faresonen for ikke kunne stille i årets serie, så trener Frode & Janniche har etablert et samarbeid.

J14 trakk et lag fra seien, slik at noen jenter fra J14 kunne hospitere hos J15 under kamp.

Planen var å arrangere en sosial happening for jentene, slik at de fikk bli bedre kjent med hverandre før sesongstart.

Tidligere lagleder Trude var i kontakt med arrangør på Stord, med fokus på Team building! Dato ble satt, og dessverre avlyst pga den hersens coronaen!

Likevel har jentene klart å gjøre en fin tilnærming til hverandre, og er svært treningsvillige.

De har fått dobbelt opp med treningstid tilgjengelig~ og får i pose og sekk med variable treninger.

Vi er så takknemlige for at dere trenere, trofast gjør det mulig for jentene å spille håndball og utvikle seg sportslig, tusen takk:)

Med tiltider mange restriksjoner fra regjeringen, samarbeid med J15, og konfirmasjon forberedelser, har årets sesong hatt perioder med intensive kamp helger!

Dere er gode jenter som står på.

Likevel er det to kamper vi ikke klarer å få spille. Kabalen med tid har ikke gått opp. Så vi får håpe at neste sesong ikke blir så corona preget, som årets sesong!

KHK er heldige som har ivrige spillere på J14. Noen har tatt dommer kurs, og flere ønsker muligheten neste gang det lar seg gjøre :)

Tidligere lagleder Beate har meldt jentene på Stord Håndballfestival pinsehelga 2022.

Dette blir en etterlengtet cup å delta på, og en fin avslutting før sommeren. Lykke til jenter~ og takk til alle som stiller opp for jentene!

Føresette, trenere og ledere et gull verdt, og bidrar med at KHK har så solide og engasjerte håndballjenter på J14.

J14 har 18 spillere

## **JENTER 15**

Trener Janniche Haugland

Hjelptrener Kjetil Heimvik

Lagleder Anita Borgen Vågen og Reidun Musland

Jenter15 har vært ei lita gruppe på 7 spillere, 2 lagleder, ein trener og ein hjelptrener.

For å klare å stille lag så har vi måtte få hjelp fra jenter14. Vi trente sammen med J14 2 dager i uka, men vi fant ut at det blei for mange på trening med til tider 26 jenter til sammen med litt voksesmerter i starten. Vi blei enig om å dele oss, slik at J15 trente sammen med J14 på onsdagene og vi tok tilbake vår opprinnelige treningstid på fredagen. Her fikk dei 14-åringene som ønsket å trenere sammen med oss være med.

Etter dette og i tillegg til at jentene har blitt bedre kjent med kvarandre så har lagfølelsen blitt styrka og voksesmertene blitt betydelig mindre.

Det har vært ein treningsvillig gjeng som som har lært seg å være positive mot og med kvarandre, og støtte kvarandre i motgang, for det har det vært mykje av for jentene denne sesongen, men dei har ikkje gitt opp og fortsatt viser dei at dei vil være med og er lærervillig.

### **Arrangementsgruppa:**

Anita Borgen Vågen – Arrangementsansvarleg  
Ingen – Lotteri/grautfest  
Cecilie Bjørke – Arr./hall-treningstid  
Bjørg Eli Djuvsland Aasgard – Sekretariat  
Beathe Høydal - Kiosk

### **Sekretariat/dommarar/teknisk:**

Bjørg Eli Djuvsland Aasgard – Sekretariat  
Lillian Gjuvsland - Dommaransvarleg  
Ingen – Dommar  
Ingen – Reservedommer

Klubben treng, og jobbar med, å fylle roller.

Husnes, 21. april 2022

-Styret-

   
Janniche Haugland Marte L. Børve

Thomas Ørbeck

Ove Langeland

   
Cecilie Bjørke Malin Brix

Malin Brix

  
Dagfinn Gjerde

   
Lillian Gjuvsland Daniel Haugland

Sign.

